


# Språknytt

## Striden om gardsnamna

side 18



HVEEM  
NORD ØSTRE



Leiar

## Stedsnavn hører fellesskapet til

Stedsnavnene våre er en felles kulturarv vi må ta godt vare på. Nettopp derfor bør det offentlige få siste ordet om hvordan de skal skrives.

I dette bladet kan du lese om en av mange konflikter de siste årene om skrivemåten av stedsnavn. Langvarig opprør fra grunneiere førte i fjor til en endring i stedsnavnloven, som langt på vei gir eieren av et bruk rett til å bestemme hvordan navnet på bruket skal skrives. Språkrådet ønsket ikke denne lovendringen, ut fra synet på språk og navn som kulturelt felleseie.

Stedsnavn er noen av de eldste kulturminnene vi har. De er fortettede historier som forteller oss om tiden de ble til i, og om menneskene som levde da. Men ulikt fysiske kulturminner kan vi ikke sette stedsnavnene tørt og trygt inne i en monter for å bevare dem. Stedsnavnene er i bruk, så vi må gi dem en skrivemåte som gjør historien de forteller, tilgjengelig for folk flest.

Som med fysiske kulturskatter har ikke forfedrene våre alltid visst hvordan de best skulle ta vare på stedsnavnene. Slik mange kulturskatter har blitt kastet eller ødelagt av dårlige lagringsforhold, vær og vind, har mange stedsnavn også blitt stelt dårlig med, slik at de har endt opp med mer eller mindre tilfeldige skrivemåter. Gjennom stedsnavnloven har vi en mulighet til å børste støvet av dem ved å gi dem skrivemåter som viser respekt for opphavet og er i tråd med moderne rettskriving.

Stedsnavn er noe som berører de fleste, og det er ikke rart at temaet engasjerer. Det er likevel viktig at fellesskapets interesser står i førersetet når vi fastsetter hvordan navnene skal skrives. Bare slik kan stedsnavnene bli de kulturminnene de fortjener å være.

Åse Wetås  
direktør i Språkrådet

Innhold  
3 | 2016

3 Når talemålet ikkje kan stå i veggen

5 Språkbrukaren

6 Intervjuet



10 Pensjonen ut av språktåka

12 Grunnstoffa fortel historier

14 Grøne fingrar, grønne nyord

16 Klart for juridisk klarspråk

17 Med andre ord

18 Kampen om stedsnavnene



24 Hva het de egentlig?

27 Høytflyvende navn

28 Arabiske ord i norsk

30 Skjegget du gror, gror på meg!

31 Nyord

32 Klipp

33 Lesarspørsmål

36 Historia bak

# Når talemålet ikkje kan stå i vegen

NRK er den fremste normeraren av talespråk i Noreg. Men språksjef Ragnhild Bjørge skulle titt og ofte ønskje at nokon kunne gi henne fasiten på korleis ord skal uttalast.

AV ASTRID MARIE GROV

**NRK HAR SNAKKA** til det norske folket sidan 1925. Men medan nordmenn flest i stor grad får «snakke som dei vil», har NRK retningslinjer for talespråket. Språksjef Ragnhild Bjørge er klar på kvifor.

– Dersom folk hengjer seg opp i språket me brukar, får dei ikkje med seg kva me seier. Og då har me svikta samfunnsoppdraget vårt, som er å formidle informasjon. Difor er det viktig at me får så få klagar på talespråket vårt som råd, og me må ha retningslinjer for kva journalistane kan seie og ikkje.

## Skil mellom *kjede* og *skjede*

Nokre uttaleformer vekker meir merksemd enn andre. Bjørge fortel at NRK har eit prinsipp om å halde litt tilbake når det gjeld lydendingar.

– Me skil enno mellom *kitt* og *skitt* og *kjede* og *skjede* i NRK, for me veit at ei samanblanding av desse lydane vekker sterke reaksjonar. Sjølv sagt både aksepterer og registrerer me at lydendingar skjer i det norske språksamfunnet, men NRK skal ikkje gå i bresjen for dei.

Bjørge innrømmer at det hadde vore kjekt

med ein fasit for korleis ord skal uttalast. Men i Noreg finst det inga offentleg normering av talespråk, så den kursen må NRK stake ut sjølv. Ho seier at personnamn og stadnamn er noko av det som skapar mest hovudbry. For at journalistane skal finne ut korleis eit namn skal uttalast, byggjer NRK no opp ein uttalebase.

– Namn er viktige for identiteten til folk, så me må ha eit særleg medvite forhold til uttalen av dei. Me prøver langt på veg å akte på den lokale uttalen. Til dømes skal journalistane våre seie *GEiranger* og ikkje *GeirAnger* og *Fæje* og ikkje *Fedje*, slik mange gjer, fortel Bjørge.

Det er ikkje alltid like lett å avgjere kva for ei uttaleform som skal vinne fram.

– Me må ofte gå nokre rundar med stadnamna, både norske og utanlandske. Til dømes vurderte me ei stund om den tradisjonelle norske uttalen av Hiroshima skulle endrast frå *HiroshIma* til *HirOshima*, slik dei uttalar det m.a. på engelsk. Men japanskunnige meinte at begge delar var like langt unna den japanske uttalen med tonelagsskilnad, og rådde oss til å leggje trykket på tredjestavinga, så då heldt me fram med det. ►



I NRK kan journalistane bruke dialekt, men språkbruken må vere konsekvent. – Ulike former av same ord gjer at lyttarane hengjer seg for mykje opp i språket, seier Ragnhild Bjørge.

Foto: Mattis Folkestad, NRK P3

### Det normerte talespråket

Noreg har blitt eit dialektparadis av dei sjeldne, men NRK har framleis klare retningslinjer for at dei òg skal la publikum høyre normert talespråk. Det gjeld særleg i nyheitssendingane.

– Hovudregelen er at nyheitene frå studio og i reportasjar skal vere på anten normert bokmål eller nynorsk. Nyheitene er det aller viktigaste me sender, og då skal ingenting stå mellom innhaldet og lyttaren. I tillegg har me eit spesielt ansvar for å formidle norsk språk, og då særleg nynorsk. Etter kvart er det ikkje så mange kanalar att for det normerte talespråket, så det er viktig at folk får høyre det hjå oss. Enkeltmedarbeidarar kan søkje unnatak frå denne regelen, men det skjer nok langt oftare på distriktskontora enn i rikssendingane, seier Bjørge.

Utanfor nyheitssendingane har dialektbølgja òg for alvor nådd NRK.

– Dialektane har blitt viktigare og viktigare for folk. Tidlegare var talemålet i NRK nokså strengt normert, men i takt med stemninga i folket har me opna for meir dialektbruk dei siste åra. I NRK er me dessutan opptekne av den gode forteljinga, og

me trur at dialektane gjer det lettare å fortelje og formidle gode historier.

Sjølv om NRK har opna for dialektbruk, tyder ikkje det at journalistane kan snakke akkurat som dei vil.

– Frå 2015 har me hatt eigne nedskrivne retningslinjer for dialektbruk i NRK. Tre sentrale prinsipp er at språket skal vere tydeleg, forståeleg og konsekvent, uavhengig av om ein brukar dialekt eller normert talespråk. Dersom ein seier *søv*, skal ein såleis halde seg til den forma og ikkje veksle med *sover*. Slike inkonsekvensar er noko publikum fort kan hengje seg opp i.

Og er journalistane med på notane? Stort sett, fortel Ragnhild Bjørge.

– Det hender det blir diskusjonar, men det er jo naturleg. I det store og heile opplever eg at medarbeidarane våre respekterer reglane me har for talemålet. Alle vil jo nå fram, smiler ho.

**Ragnhild Bjørge held føredraget «Normering av muntlig språk i NRK» på Språkdagen i Oslo konserthus 16. november.**



## Å melde bøker

**E**g var bokmeldar nokre år. Det var ved sidan av vanleg jobb, men likevel. Eg fekk lyrikkbøker heilt gratis. Ofte var postkassa full når eg kom heim, og eg hadde store stablar spreidd rundt på golvet. Eg las nesten hundre bøker i året. Dikt til frukost, middags og kvelds, kvar dag og heile helga. Eg var i himmelen.

Men det var eit problem. Eg likte ikkje å skrive om boka var god eller dårleg. Sånt er kinkig, fordi vurderingar er viktige for forfattaren og andre lesarar. Dessutan påverkar det litteraturen framover. Lese, ja. Skjønne, ja. Vurdere, hm?

Sjølvsagt visste eg om boka var god eller dårleg, men korleis skulle eg skrive det rett? «Temaet er uklart», skreiv eg, og det kom av at metaforane var «hermetiske» og motivet «ikkje konsistent». Så viste eg til naturdikta på side 16 og metaforane på side 43. Det blei likevel feil. For på side 12 og 19 fanst det dikt som ikkje passa inn i vurderinga. Sjølv om eg nyanserte og filte på setningane, blei det feil.

Men eigentleg var det meg. Eg har aldri vore flink til å kritisere. Når ein kollega på jobb seier at «avdelingsleiaren er ein kynisk dritsekk», tenker eg: «Nja, jo, men er det verkeleg så ille? Rett nok var han kjip førre

torsdag, men han smilte på fredag, og han ser gjennom fingrane med at vi alltid kjem seint!» Nyansar som kollegaen ikkje hadde fått med seg. Han kunne nok ha filt på den krasse utsegna, men det ville uansett ikkje ha hjulpet. For tydelege vurderingar av levande menneske blir feil.

Lyrikksamlingar er som menneske. Like mangfaldige. Like umogelege å vurdere. Der som eg filte på setningane for å bli presis, blei det detaljar og pirk. Heilt uleseleg. Dersom eg lét vere å file, blei det upresist og løgn. Bokstablane voks mens eg grubla.

Løysinga kom ein dag på jobb. Eg kom med matpakken inn døra på personalrommet. Avdelingsleiaren satt ved det eine bordet, den kritiske kollegaen ved eit anna. Han blunka og vinka på meg, ville seie noko jævlig om avdelingsleiaren. Eg blunka tilbake, men segla forbi og sette meg ved eit tredje bord.

Ikkje alt må skrivast med ord. Dei dårlege bøkene blei liggjande i stablane på golvet – inga skade skjedd. Dei gode bøkene drog eg fram og skreiv langt og grundig om, men utan eigentleg å vurdere dei. Og desse bøkene kom likevel til å påverke framtidens litteratur. Å ha sett dei var ros god nok. Så får dei som likar å kjefte, sitje ved sitt eige bord.



«Det å vera transperson kan stela litt av merksemda.»

# Nynorsking på skeive

Hen er korkje han eller ho og kallar seg sjølv «skeiv nynorsking», for transitivt kjønn og retro-nynorsk står hjarta hens nær. «*Hen* er eit artig ord og skader då ikkje norsk på noko vis», seier filologen Fridtun.

AV ERLEND LØNNUM

**F**ridtun er ein ihuga forkjempar for både transparent kjønnspråk og skikkeleg nynorsk. Det er ikkje underleg når ein veit at hen har kome ut av skåpet som både homo og nynorskskribent – utan at skåpa heng heilt i hop for det.

Fridtun er soleis sjøve ikjøtinga av nyordet *hen*. Og elverumsingen er eit levande prov på at ein som er oppvaksen med bokmål ikring seg, kan lata seg freista av Ivar Aasens livsverk seinare i livet.

Dette krev ei oppklåring – for høvet på ekte Fridtun-norsk og i all aktsemd og blygsemd, av di ord på *-semd* er blant yndlingane hens.

## Andlet til skeivskapen

På nettstaden til frilansar Fridtun står det at hen er forfattar, filolog, skeiv, nynorsking, kåsør, føredragshaldar med meir.

– Det er eit viktig poeng for meg å visa kven eg er, òg i arbeidet mitt. Det finst menneske av alle slag, både skeive og streite, og alt i tenåra opplevde eg det som meningsfullt å vera ein av dei synlege skeivingane, seier Fridtun.

– Eg veit at det å vera transperson kan stela litt av merksemda frå dei sakene eg skriv om, men det går ofte i kvarandre uansett, for eg er både forfattar og aktivist. Og eg veit at folk gjerne vil vita om personlege ting, om kor landet ligg. So eg opplyser dei med glede om kor vanskeleg omgrepet identitet kan vera. ►

– Det er ikkje slik at eg oppsøker minoritetar og motstraumar med vilje eller prøver å vera spesiell, men eg må vedgå at det å vera i mindretal tiltrekkjer meg.

### So var det hen att

*Hen* er openbert av det tiltalande slaget, for det er ikkje fyrste gong Fridtun ytrar seg om den språklege nyvinninga. Pronomenet *hen* er på den eine sida føreslege som eit kjønnsnøytralt alternativ til «han eller ho» og «vedkomande» og på den andre sida som eit kjønnsoverskridande ord for transpersonar og andre som ikkje ynskjer å bli omtala som *han* eller *ho*.

Fridtun forsikrar at *hen* ikkje er lei av å verta kopla til den sistnemnde tydinga, for det skjer ikkje kvar dag at me får nye element i språket som ikkje er tilfeldig.

*Korleis er stoda for dette mykje omtala ordet?*

– I det skeive miljøet er *hen* ein del i bruk. Når folk der seier «Hen kjem etterpå», er det ingen som lyfter eit augnebryn. So finn me motsetnaden i dei som trur at dei no vert nekta å bruka *han* og *ho*. Men dei må tru om att. Når noko er nytt og kanskje litt rart, vil det alltid vera dei som reagerer negativt og misforstår. Og det viser at me nok kom litt skeivt ut i byrjinga, meiner Fridtun.

– *Hen* blomstrar ikkje akkurat i skrift heller. Men når ein ser *hen* på trykk, er det framleis mange som legg ekstra merke til ordet.

*Hen* nemner at *hen* oftast dukkar opp i aviser som Klassekampen, særleg i gjesteinnlegg. Og *hen* la nøgd merke til at Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening, der *hen* er medlem, har fornya delar av regelverket sitt og der teke i bruk kjønnsnøytralt *hen*.

– Ein gong eg vart intervjuva av ein journalist i Dagen, stod han fast på å bruka «ho» om meg. Det verka som det var eit politisk val i redaksjonen. «Nei, det vil eg ikkje», kunne eg ha sagt, men eg valde å vera bøyeleg og få snike inn litt kunnskap til dei som ikkje veit så mykje om desse nye orda, og då var det like greitt at det vart eit poeng ut av språkvalet i avisa, fortel Fridtun.

– Og det er berre fint at folk spør meg om korleis dei skal omtala meg. Då svarer eg at det er artigast med *hen*.

### Kor går det hen?

– Eg reknar med at *hen* sakte, men sikkert vil jobba seg inn i språket. Og eg vonar at det vil festa seg so pass at det kjem inn i norske ord-bøker. Men bruken av *hen* om transpersonar er eigentleg meir eit spørsmål om folkeskikk enn filologi. Ein må respektera korleis folk sjølv ynskjer å verta omtala, slik tilfellet ein gong var med til dømes *neger* og *sigøynar*. Eg synest me må strekkja oss langt for å koma folk i møte, oppmodar Fridtun.

*Kva seier du om ordsamanfallet mellom det nøytrale og det kjønnsoverskridande hen?*

– Dei lærde stridest om det spørsmålet. Det er dei som meiner at det radikale, kjønns-overskridande potensialet til *hen* vert svekt av at ordet òg fungerer som eit nøytralt ord à la *vedkomande*. Eg trur at dei to tydingane kan leva godt side om side.

– Dei fleste tilhengjarane av *hen* om transpersonar fornektar ikkje biologien. Det er eit faktum at menneske reproduserer seg seksuelt, og at me har ulike kroppar. Språket kan ikkje endra det. Men korleis me *tenkjer* om kjønn, kan verta farga av det språket me har. Språket er seigt og heng ofte etter i utviklinga, og det favoriserer det mannlege, til dømes når me brukar hankjønnsartikkelen *ein* om folk generelt («ein skal ikkje tru»). Eg meiner at me må gjera språket meir kvinne- og transvenleg, og at det er for lettvtint å seia at språket må vera slik og slik fordi det «alltid» har vore slik.

### I Aasens ånd

Fridtun har sjølv teke eit anna språkleg oppgjer ved å skifta skriftspråk frå bokmål til nynorsk.

*Kvifor vart du så glad i nynorsk?*

– Vel, eg er glad i språk i det heile og har lett for å læra språk. Familien min og eg har alltid tykt at nynorsk er ok, og eg har ikkje hatt lærarar som har vore negative til nynorsk, slik somme diverre har røynt. Det har mykje å seia.



– Då eg byrja å studera nordisk i Trondheim for ti år sidan, skipa studentmållet til gratis nynorsk kurs med Ingar Arnøy. Eg tykte det var lurt å få friska opp grammatikken før eksamen. Han bruka dei fyrste tre kvarter på å forklåra kva nynorsk er, og viste korleis Aasen bygde opp landsmålet ved systematisk å samla inn dialektord frå heile landet. Eg skjønnte då at nynorsk ikkje berre var for vestlendingar, og at det ikkje akkurat var raska saman.

– Det gjekk eit ljøs opp for meg i den augneblinken: Kvifor hadde eg ikkje visst dette før? Eg kjende meg nesten snytt. Eg vart nynorskbrukar på flekken.

Fridtun kasta seg rundt og gjekk systematisk til verks. Hen skaffa seg Aasens grammatikk og ordbok og byrja å studera nynorsk på eiga hand på kveldstid.

– Eg hadde ei bratt læringskurve og lærte nynorsk litt som ein lærer seg eit framandspråk. Eg las mykje gamal nynorsk, for eg skulle då gjera det skikkeleg, tenkte eg. Stod eg fast, spurde eg meg kva Aasen ville ha gjort. Hå Aasen fann eg system og orden, og det var lettare å fylgja det. Eg ville skriva ein nynorsk som står på sin eigen grunn. Direkte samsvar med mi eiga dialekt var og er mindre viktig.

– Når eg av og til vel å skriva bokmål i dag, er det snodig kor mykje vanskelegare det er å finna den rette rytmen og dei rette bøyingane. Det er som eg ikkje kjenner meg att i mi eiga skrift.

### Retronynorsk

Fridtun fortel at hen framleis får pepar for å skriva det ein kan kalla retronynorsk.

– Ein bokmeldar skreiv i fjor at språket mitt var så radikalt arkaisk at ho vart sliten mellom «irritasjon og fascinasjon». Det er morosamt at ho kalla det «radikalt arkaisk», for eg skriv faktisk heilt innanfor rettskrivinga frå 2012, det vil seia moderne nynorsk, tru det eller ei. Men straks ein brukar former som skil seg ein del frå bokmål, er det alltid dei som legg mot-hugen til, humrar hen.

Retro eller ei, Fridtun har for lengst hausta

lovord for kursa hen held om nynorsk. YouTube-undervisninga er stadig populær – med ein og annan syrleg merknad i kommentarfeltet: «Hvem i helvete gidder å høre på en fyr som snakker om nynorsk!» Ytterpunktet kjem i form av fanbrev.

– Ein dag på bussen var det ei jente som prikka meg på aksla og gav meg ein lapp med desse varmande orda: «Tusen takk for hjelpen, Nynorsk-Kristin. Det er lett å følge med på dine YouTube-timer.»

### Kjærleiken

Filologen er eit sant språkmenneske og ein ihuga ordbokbrukar. Blant hjarteborna er tolvbandsverket *Norsk Ordbok* og Ivar Aasens *Norsk Maalbunad*, som alltid gjev hen gode idear – mellom anna når hen skriv språkspalta i *Dag og Tid*. Hen er ikkje leksikograf sjølv, men er fasinert av tanken om å samla ord og forklåringar mellom to permar.

– Eg vel gjerne ord som ikkje er heilt standard, og då slår eg mykje opp i mine kjære ordbøker. Folk seier jo ofte at nynorsk har so mange fine ord, men når eg tek somme av dei i bruk, får eg samstundes kritikk for at dei er for sære. Eg står no på mitt og luftar dei orda eg tykkjer best om. Og til dei som trur at dei er utlærte og difor ikkje treng ordbøker: Det er ikkje lurt, seier Fridtun, og røper at kjærleiken til språk òg fylgjer hen på heimebane.

– Eg er gift med ein norsklærer frå Voss, so for moro skuld tek me ord frå dialektene til kvarandre og blandar dei med gamal dansk og islandsk og kokar i hop vårt særeigne språk. Om 30 år har me sikkert ingen normale ord att i heimen. Det er ulempa med å leika med orda og vera so innmari språkmedviten, smiler Fridtun – med namn Kristin.

*Kristin Fridtun*

Fridtun er filolog, forfattar og føredrags-haldar. Hen skal snakka om kjønn og språk på Språkdagen 16. november, mellom anna om «familiemødrer» og «karrieremenn».

# Pensjonen ut av språktåka

– Vi skal bli best på klart språk og skrive så folk forstår det, forsikrer toppsjefen i Finans Norge, Idar Kreutzer. Finansnæringen forenkler pensjonsspråket og sender *premier*, *avkortninger* og *regresser* på dør.

AV ERLEND LØNNUM

**FINANS NORGE, HOVEDORGANISASJON** for finansnæringen, har i samarbeid med Språkrådet, livsforsikringsselskapene, Finansforbundet og Finansportalen forenklet fagspråket som benyttes om pensjon, slik at vi bedre kan forstå hva slags pensjonsordninger vi har, og hvilke livs- og pensjonsforsikringer vi tegner – eller kjøper, for å følge den nye standarden.

Den 26. august lanserte finansnæringen en ny språkstandard, som blant annet inneholder en digital ordliste med rundt 100 ord og definisjoner av vanskelige faguttrykk. Den skal sikre at alle livselskapene benytter de samme definisjonene.

## Høyere premie = høyere pris

Idar Kreutzer, administrerende direktør i Finans Norge, erkjenner at de har brukt for kompliserte ord overfor kundene. De ønsker nå å få finansnæringen til å kommunisere mer på kundenes premisser.

– Det har vært en voldsom utvikling der individuelle valg knyttet til fremtidig pensjon blir stadig viktigere, og da er det mer enn noen gang nødvendig med klar kommunikasjon med kundene, påpeker Kreutzer.

Han nevner blant annet at det ikke er intuitivt at det å få «høyere premie» betyr at man må betale mer. Derfor ønsker han at bransjen han representerer, heller skal snakke om

«høyere pris». Dette er en av mange språklige forbedringer finansnæringen ønsker å gjennomføre i tiden fremover. Andre forslag gjelder blant annet disse ordene:

Nei-ord (gammelt)	Ja-ord (nytt)
premievarsel	faktura for en forsikring
avkortning	reduisert utbetaling
regress	krav om tilbakebetaling
ytelse	utbetaling
karenstid	ventetid

## Populært opplegg

– Vi har fått overveldende respons på språkarbeidet vårt. Det viser at det er behov og interesse for et klarere språk i næringslivet, sier Kreutzer.

– Vi er inspirert av Språkrådets suksess med klarspråksprosjekter, og vi er imponert over Språkrådets metodikk, som kan fungere godt på mange områder i samfunnet. Min oppfordring går nå til alle næringer: Vis engasjement, og sats på språk!

Finans Norge tar herved mål av seg til å bli best i klassen på klart språk.

– Kundene våre har nå fått vite om språksatsingen gjennom mediene, og de forventer at vi tar klart språk på alvor, så det er ingen vei tilbake. Vi er motiverte for å vise oss tilliten verdig og ønsker å jobbe mer med dette fremover.



Åse Wetås, direktør i Språkrådet, og Idar Kreutzer, administrerende direktør i Finans Norge, snakket varmt om forenklet finansspråk og svarte på spørsmål fra Christian Brosstad, kommunikasjonsdirektør i Forbrukerrådet, da en ny språkstandard ble presentert i Oslo konserthus. Foto: Erlend Lønnum

### Historisk prosjekt

Åse Wetås, direktør i Språkrådet, er glad for å kunne samarbeide med en så viktig næring.

– Finans Norge skal ha ros for å ha tatt initiativ til dette banebrytende prosjektet. Det er første gang næringslivet har satt arbeidet med klart språk i system på denne måten, sier Wetås.

– Vi håper at dette vellykkede opplegget også får andre bransjer og institusjoner til å satse mer på klarere språk. Det vil være godt for både selskapene og kundene.

### Fripolise?


En undersøkelse Norstat har gjennomført på oppdrag fra Finans Norge, viser at mange sliter

med å forstå en rekke vanlige begreper fra pensjonsverdenen. Det er blant annet 74 % som ikke vet hva en *fripolise* er. Ifølge ordlisten er det et «bevis for en pensjonsrettighet fra en ytelsespensjonsordning som du får når du slutter i en bedrift, eller når arbeidsgiver avviker eller endrer ordningen». *Dødelighetsarv* kommer dårligst ut med 96 % feil svar eller «vet ikke», mens *alderspensjon* kommer best ut med 67 % riktige svar.

– Målingen viser at svært mange ikke kjenner de vanlige begrepene vi bruker i kontakt med kundene. Det er så alvorlig at vi rett og slett måtte gjøre noe med det, sier Kreutzer.

## FORSTÅR DU DISSE BEGREPENE?

Minst forståtte ord	Feil svar / vet ikke	Riktig svar
Dødelighetsarv	96 %	4 %
Innskuddsfritak	93 %	7 %
Fortsettelsesforsikring	89 %	11 %
Kapitalforsikring	85 %	15 %
Pensjonskapitalbevis	84 %	16 %
Fripolise	74 %	26 %



# Grunnstoffa fortel historier

Vitskapsfolk er i ferd med å gje namn til fire nye grunnstoff: *nihonium*, *moscovium*, *tenness* og *oganeson*. Korleis får grunnstoff namn, og kva skjuler det seg bak dei?

AV OLE VÅGE

– **NAMNA PÅ MODERNE GRUNNSTOFF** er ei brokete samling av vanskelege framandord. Det er viktig å knytte namna til noko kjent. Derfor bør vi kjenne til historia bak namna på grunnstoffa, seier Vivi Ringnes, som har arbeidd med kjemi i mange år ved Universitetet i Oslo.

## Tennessee–Moskva–Japan

I år skjer det spennande ting på namnefronten i den kjemiske verda. Fire nye grunnstoff vert døypte av den internasjonale samanslutninga av nasjonale kjemiske selskap (IUPAC). Organisasjonen har gjort framlegg til namna

*nihonium* for grunnstoff nr. 113, *moscovium* for 115, *tenness* for 117 og *oganeson* for 118. Namneforslaga er ute på høyring til november, og skrivemåten er heller ikkje endeleg.

*Nihonium* kjem av nihon, ein av to måtar å uttale Japan på japansk, og namnet er danna for å påskjønne japanske vitskapsfolk som oppdaga grunnstoffet. *Moscovium* kjem av Moskva, og *tenness* kjem av delstaten Tennessee i USA. Fagmiljø i Russland og USA har samarbeidd om å finne desse to grunnstoffa. Namnet på det siste grunnstoffet, *oganeson*, heidrar den russiske professoren Jurij Oganessian for pionerarbeidet hans.

Fordelen med å nytte stadnamn i namngjevinga er at ein kan gjere fleire til lags enn berre ein person. Men namna er ikkje heilt lytefrie.

– Eg synest det er gode val av namn. Personar og stadar som bør krediterast for oppdagingane, vert heidra. Men det gjer jo at kjemien fjernar seg endå meir frå lekfolk. Ingen vil forstå kva *nihonium* og *organesson* skal bety eller symbolisere, seier Ringnes.

### Blant nissar og troll

Nokre av grunnstoffa har vi kjent til heilt sidan oldtida. Det ser vi att i namn på metall som jarn og kopar, som er arveord i språket vårt. Men sidan kjemi vart vitskap på 1700-talet, har ei rekkje grunnstoff vorte oppdaga.

I ein periode fekk nyoppdaga grunnstoff namn etter mytologi og overtru. Kobolt og nikkel fekk namn av bergverksfolk som trudde at troll og smårøvarar var på ferde og øydela koparen som skulle utvinnast frå koparmalmen. *Kobolt* kjem opphavleg frå det tyske *Kobold* og tydde 'svartalv', medan *nikkel* kom frå *Nickel*, som tydde 'nisse, bergtroll' på tysk. Det synte seg å vere heilt nye grunnstoff, ikkje sabotasje frå underverda.

I andre tilfelle kalla ein opp grunnstoffa etter himmellekamar, til dømes *uran* (etter planeten Uranus), *selen* (gresk for 'måne') og *palladium* (etter asteroiden Pallas). Vanlegare var det likevel å kalle opp nye grunnstoff etter mineralet eller malmen der ein fann grunnstoffet, som *aluminium* frå mineralet alun. Nye eksperimentelle metodar på 1800-talet gjorde at ein kunne måle lysstrålar, og dimes fekk ein del grunnstoff namn etter fargar, til dømes *rubidium* ('mørkeraud') og *indium* ('indigo').

### Namnemotar

– Namnsetjing har gått litt etter motar. Nye måtar å gje namn på har avløyst tidlegare måtar, seier Ringnes.

Etter kvart vart det vanleg å namngje eit grunnstoff etter ein stad, gjerne der det vart

oppdaga, eller der oppdagaren kom frå. Det slo gunstig ut for svenskane. Den vesle byen Ytterby utanfor Stockholm gav namn til heile fire grunnstoff: *yttrium*, *ytterbium*, *terbium* og *erbiium*. Noreg fekk ingen, men vi kan vel seie at vi deler *scandium* (etter Skandinavia) med svenskane, som fann grunnstoffet i norsk malm.

Den latinske språkdrakta til namna har alltid halde stand. Difor heiter det t.d. *ruthenium*, latinsk *Rutenia* for Russland, og *lutetium*, latinsk *Lutetia* for Paris.

### Kald krig

Utover 1900-talet tok namnsetjinga ei ny retning. Kjemikarar byrja å kalle opp nye grunnstoff etter personar, som *bohrium* etter Niels Bohr og *curium* etter Marie og Pierre Curie. Men dette synte seg ikkje alltid like enkelt.

Under den kalde krigen klarte sovjetiske og amerikanske kjemikarar å framstille nye grunnstoff på kvar sin kant. Og dei vart ikkje alltid samde om namna. Då grunnstoff nr. 104 vart oppdaga, ville sovjetarane heidre fysikaren L.V. Kurtsjatov med *kurtsjatovium*, medan amerikanarane slo eit slag for *rutherfordium* etter E. Rutherford. Engelske bøker nytta *rutherfordium*, og *kurtsjatovium* var i bruk i mange norske lærebøker heilt fram til 1997.

Kven har så det siste ordet når kjemiske namn vert storpolitikk?

– Det har alltid vore tradisjon for at oppdagaren av eit grunnstoff fekk æra å namngje det. Men det er IUPAC som gjer det endelege vedtaket. Og det var IUPAC som kom fram til at *rutherfordium* skulle verte det endelege namnet til grunnstoff nr. 104, fortel Ringnes.

Kjemikarane tek altså ingen språklege snarvegar når nye grunnstoff skal få namn. Det dreier seg trass alt om å setje namn på dei grunnleggjande byggjeklossane i universet vårt.

---

Ole Våge er seniorrådgjevar i Språkrådet.

# Grøne fingrar, grøne nyord

Vi har dyrka grønsaker og frukt i uminnelege tider, men måten vi gjer det på, endrar seg stendig. Difor får vi nyord som *geriljajordbær*, *andelsbruk* og *måneskinnsbonde*.

AV OLE VÅGE

**ØKOLOGISK OG KORTREIST MAT** er viktig for oss. Stadig fleire tek saka i egne hender og dyrkar mat i urbane parsellar og dyrkingskasser eller samarbeider med bønder. Nokre er ekstra utolmodige og plantar grønsaker, bær og blomar i rundkøyningar, vegkantar og fråflytta tomter for å skape grønne flekkar i ein grå by. *Geriljagartnarar* kallar dei seg.

## Geriljagartneri

Ordsamansetjinga *geriljagartnar* er kreativ og spelar på at dei plantar i løynd utan godkjenning frå grunneigar eller kommune. Og revolusjonen, han er grøn. Arsenalet kan vere *frøbomber*, små kuler med jordblanding og frø som geriljagartnarane raskt kan setje i jorda utan å påkalle merksemd.

*Gerilja-* som føreledd må seiast å vere likande når ein finn andre, nærskyldte nyord som *geriljadyrking*, *geriljahage* og *geriljajordbær*. Om ein skapar mange, ulike samansetjingar med eit slikt føreledd, seier språkvitarane at det er produktivt. Det er også eit snev av sjølvmotseiing i samansetjinga, frå det uføreseielege i geriljakamp til det velordna i gartneri og hage, og kanskje ligg litt av tiltrekkinga til ordet i akkurat det.

## Dyrking i måneskinn

For andre er løysinga å verte *andelsbonde*. Gjennom ein avtale med ein vanleg bonde kan ein vere med på å så, hauste og gjere dugnadsarbeid. Her er krigsmetaforikken fråverande, og ordsamansetjinga speglar heller eit harmonisk og kontraktuelt forhold til grunneigaren. Vi finn også nærskyldte nyord som *andelsbruk* og *andelsgard*. Alle desse nyorda er gode døme på at nye måtar å drive dyrking på skapar eit behov for nye ord.

Somme kan ta vatn over hovudet når dei har for store grønne ambisjonar. Då kan ein ende opp som *måneskinnsbonde*. Som ordsamansetjinga speglar, lyt nokre av oss ta dei seinaste kveldsstundene til hjelp for luking, vatning og anna arbeid i åkeren, på jordet eller i hagen. Førstedelen *måneskinn-* står her for noko anna enn sjølve lyset frå månen. Ordet symboliserer heller tidspunktet for måneskinnet, altså kvelden og natta, derav det alternative nyordet *midnattsbonde*.

Når ein lagar slike samansetjingar der eit ord står for eit anna, men relatert omgrep, kallar språkvitarar det for metonymi.

## Hotellhumler

Pollinering er viktig for god vokster i hagen.



«Kven står bak geriljajordbæra?» spurte Dalane Tidende om jordbæra som vert planta mellom bensinpumper og fylkesveg 44 i Egersund før sumaren. Foto: Erlend A. Lorentzen

Difor har fleire sett opp såkalla *insekthotell*, også kalla *humle-* og *biehotell*. Dei er små kasser som skal gjere det triveleg for pollenspreiarane våre.

Her spelar etterleddet *-hotell* på at det er ei forfina kasse for mellombels opphald oppdelt i små rom, kanskje ikkje ulikt hotell som vi menneske nyttar. Vi finn også att *-hotell* i nyordsamansetjingar på heilt andre felt, som *dekkhotell*, *øvingshotell* og *surdeigshotell*. Førmonen ved bruk av slike metaforar er at vi lett kan førestille oss nye omgrep ved å trekke parallellar til det etablerte og kjende.

### Sniglar og minibrokkoli

Av og til får vi nye ord i språket av andre grunnar enn menneskeleg skaparglede og oppfinningar. Ei hovudpine for alle som dyrkar noko, er den nye snigelen med brun farge som kom til Noreg for eit par tiår sidan. Journalistar og andre kalla han for både *mordarsnigel*, *monstersnigel* og *kannibalsnigel* og framheva dimed det uhyrlege og avskylege

ved han. Ei stund vart han jamvel kalla for *iberiasnigel* før forskarar slo fast at det eigentleg er ein annan art.

No held vi oss til *brunskogsnigel* eller kortforma *brunsnigel*. Eigentleg er det ikkje uvanleg at nye fenomen kan få ulike namn som konkurrerer seg imellom, frå dei verknadsfulle og tabloide til dei meir sobre og nøytrale.

I andre tilfelle kan vi menneske lage nye artar og artsnamn ved å krysse dei etablerte. *Brokkolini* er eit døme på det. Grønsaka er ei kryssing av brokkoli og *gai lan* (også kalla *kinesisk brokkoli*), medan ordet er ei kryssing av *brokkoli* og det italienske forminskingsleddet *-ini*, slik *spagettini* er tynnare varianter av *spagetti*.

Mange nyord i språket vårt er døgnfluger. Men den grønne, økologiske bølga med nye former for dyrking synest å slå røter i samtida vår. Dei grønne nyorda er sånn sett språklege staudar som gror fram att vår etter vår.

---

Ole Våge er seniorrådgjevar i Språkrådet.

# Klart for juridisk klarspråk

Jusstudenter skal lære seg å skrive bedre og klarere. – Er det noe vi som borgere virkelig er tjent med, så er det forståelige lover og forskrifter, sier Åse Wetås, direktør i Språkrådet.

AV ERLEND LØNNUM

**KOMMUNAL- OG NÆRINGSMINISTER** Jan Tore Sanner og rektor Ole Petter Ottersen ved Universitetet i Oslo undertegnet nylig en samarbeidsavtale som gir Det juridiske fakultet 30 millioner kroner til å opprette et prosjekt for juridisk klarspråk. Fakultetet skal blant annet etablere et professorat og tre stipendiatstillinger for de neste ti årene. Deretter blir klarspråk en fast del av undervisningen for jusstudentene.

## Språkrådet bidrar

– Språkrådet er glad for at det gode arbeidet med klarspråk føres videre, særlig på et så sentralt område som juss. Offentlige dokumenter skal være forståelige for alle. Derfor er klarspråk så viktig for demokratiet og rettssikkerheten. Og derfor bidrar vi gjerne i dette arbeidet, sier Wetås, og viser til at Språkrådet blant annet har vært med på å forbedre språket i flere viktige lover.

Siden 2011 har Språkrådet og Direktoratet for forvaltning og IKT arbeidet for å gjøre lovspråket mer forståelig gjennom prosjektet «Klart lovspråk». Og nå skal klarspråket altså inn i jussutdanningen.

## – Juristene best egnet

Arbeidet med å finne den rette personen til professoratet har allerede startet. Dekan Dag Michalsen ved Det juridiske fakultet sier til Uniforum at det er juristene som har det beste grunnlaget for å gjøre en lovtekst klar og forståelig.

– I dag blir det produsert dårlige norske oversettelser på løpende bånd etter hvert som det kommer inn nye lover og forskrifter fra EU. Også disse må oversettes slik at de ikke mister meningsinnholdet, selv om de blir gjort forståelige for vanlige folk. Derfor er det viktig at det er jurister som gjør dette arbeidet.



Statsråd Jan Tore Sanner og rektor Ole Petter Ottersen skriver under avtalen om et nytt klarspråksprosjekt. Foto: Ola Sæther, Uniforum



I denne spalta tek vi opp stort og smått om forholdet mellom norske ord og importord, først og fremst engelske.

# God butikk i gode ord

Handelsstanden må stendig fornye seg for å lokke til seg kjøparar. Det må språket også gjere om det skal halde tritt med nye utsalsstadar som *pop-up store*, *outlet village* og *food truck*. Og klede som vi kjøper, er ofte laga i *sweatshops*, sjølv om det ikkje er nokon butikk.

### Stunt og merkevarer

Nokre butikkar finst berre i nokre dagar eller veker før dei forsvinn igjen. Denne trenden frå utlandet vert kalla *pop-up store* på engelsk. Stundom seier vi *pop-up-butikk* på norsk, men korleis skal det skrivast? Det er fort gjort å gå seg vill i bindestrekar, særskrivning og samskriving. Då kunne vi like godt ha nytta eit godt norsk ord, til dømes *korttidsbutikk*. Ofte skal slike butikkar fange merksemda til folk, som del av marknadsføringa, og då er *stuntbutikk* ei god løysing. Andre butikkar tilbyr såkalla *pick-up points*, som er stadar ein kan hente varer ein har tinga. Eit betre og sjølvforklarande ord er rett og slett *hentestad*.

Om ein heller vil vandre rundt blant varerne, finst det store bygningar der merkevareeigarane driv alle butikkane. Slike kjem ikkje overraskande frå USA, der dei vert kalla for *factory outlet village* eller berre *outlet village*. Over same leisten som *kjøpesenter* kunne ein lage ordet *merkevaresenter*. Vi ser også at *merkevareby* vert nytta av somme, og det sluttar vi gjerne opp om.



Matvogn på brygga i Oslo

Foto: Anna Bryukhanova / iStockphoto

### Mat og løn

For dei som vert svoltne på handletur, har det dukka opp såkalla *food trucks*. Når ein ikkje skal gå omvegar til mat, treng ein heller ikkje det for ord. *Matvogn* er allereie i bruk, og det tykkjer vi er eit beintfram godt ord. Vi treng trass alt ikkje vere dårlegare enn svenskaner, som kallar dei for *matbilar*.

Til slutt har vi i ermet eit ord om ein mindre triveleg stad. Billige plagg i butikkane vert stundom produserte i såkalla *sweatshops*. Arbeidsvilkåra og lønene er ofte svært dårlege, og barn vert i ein del tilfelle nytta som arbeidskraft. Det engelske ordet har eigentleg ein lang tradisjon frå britisk industri, då sjefen (sweater) styrte tekstilarbeidarar under tøffe vilkår. Ordet *shop* kan jo også tyde verkstad, jf. *workshop*. I eldre tekstar vert *sweatshop* omsett med *systove*, men då mistar ein det vesentlege med løns- og arbeidsvilkåra. Det same gjeld nok òg for *syfabrikk*. Då er det betre å seie det som det er, og nytte *låg lønsfabrikk*.

Når vi lager norske ord, har vi høve til å finne ord som seier noko vesentleg om tydinga bak. Det burde vere god butikk i det.

---

Ole Våge, seniorrådgjevar i Språkrådet



# Kampen om stedsnavnene

I Norge har myndighetene bestemt hvordan stedsnavn skal skrives. Slikt blir det bråk av. Så mye bråk at en gruppe grunneiere på Toten har fått endret loven.

AV ASTRID MARIE GROV

**I MANGE ÅR** har den norske staten fastsatt skrivemåter på stedsnavn i offentlige dokumenter, for eksempel på skilt og kart. Praksisen ble lovfestet i 1990 og skal «ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». Greit nok, tenker

du kanskje, det kan da umulig være særlig problematisk?

Men jo, det kan det. Faktisk er det få kulturspørsmål som har ført til så mye strid de siste årene som skrivemåten av stedsnavn, og særlig gårdsnavn. For på den gården der myndighetene vil gjøre noe med skrivemåten, bor det som regel noen. Og de har gjerne egne meninger om saken.



Alle foto: Johnny Thorsbakken / Fotografen i Gjøvik

### – Overkjørt av byråkrater

Språknytt har møtt en av dem. På en stor gård i det slake og vakre åslandskapet på Skreia i Østre Toten bor Aage Einar Hveem. De siste årene har mye av fritiden hans gått med til å føre en kulturkamp mot staten. En kamp for å få være med på å bestemme hvordan navnet på gården hans skal skrives.

I likhet med forfedrene har han skrevet navnet på gården *Hveem*, i tråd med etternavnet. Men Hveem-brukene på Skreia, som det finnes flere av, blir av totningene selv gjerne kalt *Kvem*, og slik vedtok Kartverket i 1997 at gårdsnavnet også skal skrives. Det har satt sinnene i kok, både hos Aage Einar Hveem selv og andre brukseiere som ble berørt av vedtaket.

– Vi opplevde vedtaket som arrogant. Som grunneiere følte vi oss overkjørt av

byråkrater som ikke var interessert i argumentene våre. Vi la fram et notat med begrunnelse for å holde på skrivemåten *Hveem*, men da vedtaket fra Kartverket kom, var ikke det vurdert. Årsaken var at skrivemåten stred mot rettskrivingsprinsipper. Punktum. Med det som eneste begrunnelse ble kulturminnet Hveem gravlagt og opprinnelsen og betydningen til gårdsnavnet borte, sier han opprørt.

Og totningene er ikke alene om å protestere. Stedsnavnloven og Kartverkets avgjørelser har møtt massiv motstand flere steder i landet. Argumentene går igjen: Folk føler seg overkjørt av byråkrater som ikke kjenner de lokale forholdene.

### I utakt med fagmiljøet

Vedtakene om offisielle skrivemåter gjøres riktig nok av byråkrater i Kartverket, som registrerer eiendommene i landet og dermed har fått ansvaret for forvaltningen av stedsnavn. Men vedtakene fattes etter anbefalinger fra fagfolk innenfor navnegransking. En av dem som har gjort livet surt for Aage Einar Hveem og meningsfellene hans, er Bortolv Helleland, førsteamanuensis emeritus i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Oslo. Han har i stor grad viet karrieren sin til norske stedsnavn og var med på å utforme stedsnavnloven.

Helleland er på besøk hos Aage Einar Hveem for første gang. På Kvem. Eller var det Hveem? Tonen er vennlig, men det er ingen tvil om at de to karene er rykende uenige. Helleland mener bestemt at skrivemåten av stedsnavn bør forvaltes av det offentlige.

– Stedsnavn blir til i et nabolag og tilhører fellesskapet, og jeg mener det blir feil å overlate forvaltningen av dem til enkeltpersoner, både av kulturelle og praktiske årsaker. De er verdifulle kulturminner som sier mye om oss og historien vår.

– Mange av gårdsnavnene som brukes i dag, er skrevet ned av danske embetsmenn ▶

## «Fagmiljøet har ikke nok dybdekunnskap om grenda vår til å bestemme hvordan navnet på gården her skal skrives.»

AAGE EINAR HVEEM

som ikke var fortrolige med navnenes språklige bakgrunn. Og de forholdt seg til andre rettskrivingsprinsipper enn dem vi bruker i dag. Denne praksisen har også ført til en stor variasjon i skrivemåter som i mange tilfeller tilslører navnenes opprinnelse.

Helleland mener *Hveem* er eksempel på en misvisende skrivemåte.

– Den doble e-en er helt umotivert etter norske rettskrivingsprinsipper. Her på Toten uttales dessuten *hv-* på bokmål gjennomgående som *kv-*, som i ordene *kvit* og *kvass*. Skrivemåten *Kvem* er i tråd med den lokale uttalen og dialekten her på Toten. Den bevarer dermed gårdens navn som kulturminne bedre. Dette er også et sentralt prinsipp i stedsnavnloven.

### – Fagmiljøet mangler kunnskap

Definisjonen av *kulturminne* er nettopp noe av det de to karene strides om. Helleland møter liten støtte hos Aage Einar Hveem for synspunktet om at den dialektale formen skal legges til grunn.

– Skrivemåter som begynner med «h», er registrert tilbake til 1200-tallet. Derfor mener jeg *Hveem* reflekterer gårdsnavnets opprinnelse bedre. Skrivemåten *Kvem* tar rett og slett bort opphavet til navnet, for den har aldri vært brukt i skrift. Selv om mange her på Toten kaller gårdene for *Kvem*, med lang «e», ser jeg ingen grunn til at det må være samsvar mellom uttale og skrivemåte. Det ser vi jo mange eksempler på ellers i språket. Vi skriver ikke *Kal Johann* om «Karl Johan» og *Boksta* om «Bogstad», for å ta noen eksempler fra mer urbane strøk. Et kulturminne bør være viktigere enn hensynet til rettskriving, sier han.

*Men frykter du ikke at uttalen Kvem, som tross alt er et navn totningene selv bruker på*

*gårdene her, kan forsvinne dersom den ikke skriftestes?*

